



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato
17.02.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/2280 520
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland
NIBIO
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA
Nye Voss vg skule
Stend vg. skule
Hjeltnes vg. skule

Tilskot til klima- og miljø tiltak i jordbruket 2017

Fylkesmannen i Hordaland har 350 000 kr til prosjekt innan regionale klima- og miljøtiltak i 2017. **Søknadsfrist er sett til 15.mars.**

Formål med ordninga

Midlane skal gå til utredningsprosjekt og informasjonstiltak på miljøområdet innanfor temaa klimagassutslepp, klimatilpassing, vassmiljø, samt kulturlandskap, naturmangfald og relaterte utfordringar. Ny kunnskap i prosjekta skal raskt kunne implementerast i praktisk jordbruk.

Prioriterte kategoriar i 2017

I tildelingsbrev til fylkesmannen for 2017 har KMD gitt kategoriane klimatilpassing og klimagassutslepp/karbonbinding høgaste prioritet. Fylkesmannen i Hordaland vil følge same prioritering. Det betyr at gode søknader innanfor disse kategoriane vil ha størst mulighet til å få tilskot.

Elles legg vi stor vekt på:

- Tiltak for gjennomføring av vassforskrifta
- Tiltak kring løysingar for gjødselhandtering og krav til gjødsellager
- Utvikling av biogassanlegg
- god kunnskapsoverføring frå forskning til praktisk jordbruk

Tiltak kan vere informasjonstiltak, utredningsprosjekt, fagdagar og markdagar eller anna som er direkte retta mot næringa.

Kven kan søkje?

Verksemder og organisasjonar som arbeider med å medverke til å oppnå landbrukspolitikken sine målsettingar på klima- og miljøområdet i jordbruket. Slike verksemder kan vere:

- kommunar
- landbruksrådgjevinga
- fag- og næringsorganisasjonar

- kompetansebedrifter, utdannings-, utrednings- og forskingsmiljø

Krav til søknaden

Søknaden må strukturast på følgjande måte:

1. Prosjekteigar:
 - a. Namn, organisasjonsnummer, Adresse, postnr, poststad, telefonnummer og e-postadresse
 - b. kontonummer,
 - c. Kontaktperson: Namn på kontaktperson/ansvarleg for prosjektet
 - d. Namn på eventuelle samarbeidspartnarar
2. Tittel på prosjektet
3. Prosjektperiode
4. Prosjektet sine mål, eventuelt delt inn i hovudmål og prosjektmål
5. Prosjektomtale:
 - a. Bakgrunn
 - b. Kva skal gjerast og korleis tenkjer de å gå fram?
 - c. Framdriftsplan
6. Økonomi.
 - a. Kostnadsoverslag
 - b. Finansieringsplan

Det er viktig at alle punkta i oppsettet vert fylde ut.

Søknaden må sendast til Fylkesmannen i Hordaland:

pr e-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

pr post: Postboks 7310, 5020 Bergen

For meir informasjon kontakt Kari Mostad på e-post fmhokmo@fylkesmannen.no eller tlf: 55572153.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Kari Beate Mostad
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.